



Saksframlegg

Forprosjekt treningssenter

Utval	Utvallsak	Møtedato
Formannskapet		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:

Bakgrunn for saka:

Fyresdal har i dag eit treningssenter som drivast av Groven Fitnes i sokkeletasjen til Sparbygget. Mange har lenge hatt eit ønske om eit større treningssenter i meir egna lokale. Bygging av datasenter i Fyresdal vil auke behovet for eit større treningssenter. I alle medverknadsprosessane som har vore, har det kome fram ønske om dette. Kommunedirektøren fremmer derfor denne saka nå slik at ein kan sette i gang eit forprosjekt for å få svar på avklaringane som må gjerast i forkant.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for næring og arbeidsplassar, Strategi for oppvekst og utdanning og Strategi for helse (førebygging).

Bygging av nye lokale til krev at det er mange avklaringar som må gjerast. Disse avklaringane må gjerast i eit forprosjekt, slik at politikarane kan ta stilling til dette i samband med budsjettprosessen for økonomiplanen for perioden 2027 – 2030.

Blant anna følgjande må avklarast i forprosjektet:

- Kor skal treningssenteret ligge? I eksisterande lokale eller i eit nybygd lokale? Eit alternativ som fleire snakkar om er å byggje eit treningssenter i tilslutning til idrettshallen. Da kan ein ha felles garderobe og dusjanlegg for treningssenter og idrettshall. Ein konsekvens av eit slikt alternativ vil vere at ein må sjå på Meinstad og parkering.
- Kor stort bør eit slikt treningssenter vere i areal?
- Kva skal treningssenteret innehalde? (Gymrom, gruppetime-areal, buldrerom etc)
- Kva for eigarform og driftsform skal eit treningssenter ha? Her må det avklarast om ein skal få inn private eigarar i bygget, eller om kommunen skal eige bygget. Det må også avklarast om kommunen skal ha eit ansvar i drifta av treningssenteret eller om ein skal leggje dette ut slik at private aktørar kan melde sin interesse for drift av treningssenteret. Dersom bygget er kommunalt eigd og skal leigast ut, må ein forhalda seg til offentlege anskaffingar.

- Kva pris blir det på dei ulike alternativa?
- Må det gjerast endringar i reguleringsplanar eller liggnande?
- Lista er ikkje uttømmande.

Det er ikkje kapasitet i organisasjonen for å gjere disse utgreiingane for å få avklara kva ein bør gjere. Ein må derfor kjøpe inn konsulenttenester på dei områda ein treng for å få svar som dannar grunnlag for dei politiske avgjerslene. Kommunedirektøren ser for seg at det da vil gjelde både arkitekttenester og tenester med kompetanse på treningssenter. Administrasjonen vil koordinere å følgje opp forprosjektet slik at det blir fremma eit grunnlag for avgjersle til kommunestyret.

Konklusjon:

Det er eit stort ønske i befolkninga om nytt treningssenter i bygda. Dette har kome fram i fleire av medverknadsprosessane som har vore den siste tida. Etablering av datasenter vil auke behovet for eit større treningssenter. Kommunedirektøren ønsker å etablere eit forprosjekt for å få gjort dei avklaringane som er skissera i saka.

Kommunedirektøren meiner at dette er viktig for å gjere dei rette grepa. Forprosjektet bør finansierast frå samfunnsutviklingsfondet. Det er avsett 1,5 millionar til dette i budsjett for 2026. Rest i budsjettet før vedtak er 1,2 millionar. Kommunedirektøren meiner det må settast av inntil kroner 400 000 til dette forprosjektet.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune løyver frå samfunnsutviklingsfondet inntil kroner 400 000 til forprosjekt for etablering av nytt treningssenter i Fyresdal. Rest i samfunnsutviklingsfondet etter vedtak er kroner 800 000.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Gerd Straume
	næringssjef